

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Sogn og Fj.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Vik i Sogn
 Emne: Skav Bygdelag: Vik
 Oppskr. av: Tor Hovland Gard: Sæbø
 (adresse): Vik i Sogn G.nr. 1 Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter eigi røynsle og etter heimelsmenn.

SVAR

1. Ein kjenner nemningane : Hjelpefor, naudfor.
2. Før frå skogen kallar ein " Bjerg". *f.*
3. å skava, skjev, skov, skave.
4. Ja, skav har vore mykje nytta før i tidi som " Bjerg". Etterkvart har det gått over til nytting berre i vanskelege år.
5. Helst osp, men også raun ^{ask} og apalved. Andre lauvtre vart ikkje nytta. Bartre skov ein ikkje. Likast var osp og raun.
6. Ukjent her.
7. Av dette rimet kjenner ein her berre siste lina:
 " Hegg set merg i legg" . Elles kjenner ein:
 " Ask gjer kui rask".
8. Ku, sau og geit fekk skav. Hesten fekk det ikkje. Skavet nytta dei helst på ettervinteren, mars, april, mai, men også tidlegare, dersom det var lite om høyet. Krøteri fekk skavet for seg. Skav av older og or ville krøteri ikkje ha, unnateke geiti.
9. Dei fekk helst minder med mjølk, men mjølki vart kraftigare. Smøret fekk kvitare let. Når ein bruka mykje skav, ville det smaka av mjølki, helst når dei bruka askeskav.

10. Dei drog til skogs i eins ærend og henta skavveden.

Dersom ein lauva ospi seint om hausten, så sank dei skatet saman om vinteren og skov det. Hesjeveden vert skaven. Det er serleg or og osp som vert nytta til hesjeved her, og då brukar ein ospeskavet.

11. Å dra på skavskog.

12. Skav, skavved. Dei avhogne kjeppane kallar dei "lemmer", t.d. askelemer.

13. Ukjent her.

14. Serleg på ettervinteren. Nei, ein rekna det ikkje for verre enn anna skogsarbeid. Det var godteken ordning i påskehelgi med så mange helgedagar, at ein utan å gjera helgedagsbrot kunne dra på skavskog ein av dei fyrste dagane, Langfredag, t. d. Dei var då gjerne tidleg ute.

15. Dei større trei som vart henta til gards, vart skavne ute på tunet. Dei mindre "lemene" skøv dei inne i stova. Oftast var lemene frosne, og dei måtte liggja ei god tid inne for å tinast opp.

16. Til større stokkar brukar dei bandekniv, til grannare kjeppar hadde dei skavl. (ein skavl) Skavlen har handtak av tre (skavla -tro, n.) med eit bitjarn framme, bøygd i halvsirkelform. Det var ofte ein gamal ljå dei tok til bitjarn. Eldre folk kan minnst skavlar med så brøtt skavlatro, at ein kunne stikka fingrane på bae hender inn i ei uthoggi sprunge i troet og dra med bae hender. Her skal og ha funnest skavlar med bitjarnet som ein ring i midten og med skavlatro til bae kantar. Då kunne to personar arbeida saman.

17. Dei store stokkane la dei gjerne oppå ein sagkrakk, helst med eine enden, dei mindre lemene vert skavne i sitjande stilling, dei set kjeppen

med eine enden på venstre kneet og brukar høgre handa til drag nedetter kjeppen. Hesjeveden (troene, f.) reiser dei berre oppetter ein ~~vakk~~ vegg eller eit tre og skjev det såleis. Elles er det ukjent her både med serskild skavkrakk og skavhæl.

18. Ukjent her.

19. Same som i svaret til 17. Skavkjeppen vert halden i ro, det er hendi og verktuet som går.

20. Skavlem, skavkjepp.

21. Skav. n. Dei einskilde betane kallar ein skavblokke, f.

22. Båe deler. Kjeppane er 2-3 gonger så lange som vanleg brenneved.

23. Skjevling. m. fleirtal: Skjevlingar.

24. Til småkrøter, sau og geit, skulle skavet vera tunt og fint. Med skavl vert borken fint broten.

Med bandekniv vert blokkene lange og stive, men det gjorde ikkje noko for kyrne.

25. Ja, det var vanleg skikk å lagra skjevling til baksteved. Ein hogg den då i større lengd enn den vanlege brenneveden.

26. Stort sett er skav gått ut som for no, med unnatak at ein tyr til det i forknipe. Men elles kan ein ofte sjå at dersom dei har henta brenneved heim frå skogen som det er godt skav på, så let dei det ikkje gå til spill. Er det gamalt mannfolk på garden, så tek dei skavgognene fram og gjer seg bruk av skavet

E. S. Av Erik Tveit, 85 år gamal, Vangsnes, tek eg her med eit rim om korleis dei kunne spå sumarsveret ut frå lauvsprettet om våren:

Ask før eik gjev sumarssteik.
Eik ~~ÅÅ~~ før ask gjev sumarsvask.